

Å R S M E L D I N G

for

SOGN OG FJORDANE VILLREINNEMND, 2016

Sogn og Fjordane villreinnemnd har i 2016 bestått av fylgjande medlemmar:

Kommune	Namn	Villreinområde
Askvoll	Astrid Halstensen	Sunnfjord
Gaular	Aud Marit Hage	Sunnfjord
Førde	Kristine Lie	Førdefjella og Sunnfjord
Jølster	Ragnhild Sæle	Førdefjella, Sunnfjord og Svartebotn
Gloppen	Sjur Atle Austrheim	Førdefjella og Svartebotn
Naustdal	Olav Svoen	Førdefjella
Stryn	Silje Åsnes Skarstein	Svarebotn
Lærdal	Stein Vidar Nemeth	Lærdal/Årdal
Årdal	Ole Bjarne Hovland	Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen
Luster	Arne J Hauge	Vest-Jotunheimen

Vara har vore:

Kommune	Namn	Villreinområde
Askvoll	Kjell Kristian Karlsen	Sunnfjord
Gaular	Arne Aarbergsbotten	Sunnfjord
Førde	Kjell Flaten	Førdefjella og Sunnfjord
Jølster	Jan-Ove Flaten	Førdefjella, Sunnfjord og Svartebotn
Gloppen	Gunnvor Sunde	Førdefjella og Svartebotn
Naustdal	Merete Seielstad Fimland	Førdefjella
Stryn	Asbjørn Fure	Svarebotn
Lærdal	Annikke Vanberg	Lærdal/Årdal
Årdal	Anne Kauppi	Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen
Luster	Eli Merete Hansen Moen	Vest-Jotunheimen

Leiar har vore Arne J Hauge frå Luster og nestleiar har vore Ragnhild Sæle frå Jølster. Sekretariatet har vore ved Siri Bøthun Naturforvaltning i Fresvik, med Siri Wølneberg Bøthun som ansvarleg sekretær. Inkludert i sekretariatsoppdraget som fagleg rådgjevar er Per Aksel Knudsen, kan nås på tlf.: 32090965 eller e-post: peraksel@sbnatur.no. Nemnda har felles sekretariat med villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen.

Møteaktivitet:

Nemnda har hatt tre plenumsmøter, dette var oppstartsmøte 4. – 5. februar på Dombås, årsmøtet på Skei 04.04.2015 og haustmøte på Skei 09.12.2016. Leiarane i villreinutvala vart inviterte til haustmøtet, alle utvala var representerte i møtet.

Villreininteressene har vore representerte i fagleg referansegruppe for verneområdestyret i Naustdal-Gjengedal lvo. gjennom felles representant med Førdefjella villreinutval ved Torger Eimhjellen, leiar i utvalet. Det har vore eitt møte i rådgjevande utval i 2016 (22.11.2016), Vidar Aa Djupvik stilte som vara for Eimhjellen. Nemnda har og vore representert i rådgjevande utval for verneområdestyret for Jotunheimen og Utladalen. Arne J Hauge frå Luster er nemnda sin representant. Det har vore eitt møte i utvalet.

Sekretær deltok i sekretariatssamling for villreinnemnder v. Miljødirektoratet på Skinnarbu 31.05 – 01.06. 2016 og i Villreinrådet sin fagdag same stad 01.-02.06.2016.

Arbeid i nemnda

Mykje av sakshandsaminga har gått føre seg gjennom bruk av internett og telefon, noko som sparar tid og ressursar. Nemnda har motteke 7 saker for uttale i ulike plan- og forvaltningssaker. Nemnda har gjeve skriftleg innspel til 4 av sakene. Det vart ikkje svart på sentral høyring av nye jakttider. Kunnskap om villrein i samband med besøksforvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal er ivareteke gjennom open dialog med verneområdeforvaltar og tidlegare innsende kunnskapsgrunnlag om villreinen i Førdefjella. Ein sak kom nemnda så seint i hende at det ikkje var mogleg å gje uttale (øvingskjøring i Luster, høring frå Jotunheimen nasjonalparkstyre). Denne saka har fått oppfylging i etterkant.

I tillegg til høyringssakene har me gjeve råd direkte til Jølster kommune i samband med utarbeiding av informasjonsplakatar for toppturkøyrarar i Jølster. Omsyn til villrein tilpassa det aktuelle startpunktet og turmålet har vorte innarbeidd i plakatane for turar som går inn i villreinområde. Det har vore fagdiskusjonar og dialogar med verneområdeforvaltarane i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, Jotunheimen nasjonalpark/ Ultaldalen landskapsvernområde og Jostedalsbreen nasjonalpark. Det har og vore e-post- og telefondialog med sakshandsamarar hjå kommunar, fylkesmannen, og med utvalsleiarane. Mellom anna har både verneområdeforvaltarane og nokre av kommunane etterlyst kartfesting av villreinens sine leveområde og viktige funksjonsområde og trekkruiter i Naturbase. Slike opplysningar manglar eller er dårleg oppdatert i denne databasen. I Sunnfjord og Svartebotnen har det aldri vore gjennomført kartleggingar av leveområda.

Viktige saker i villreinområda i Sogn og Fjordane i 2016:

- Informasjonsarbeid;
 - nemnda hadde informasjonsarbeid som tema i haustmøte, som ei vidareføring av gjennomførte tiltak (produksjon av brosjyrar). Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for vidare oppfylging av dette.
 - sekretariatet har bidrege i utarbeiding av informasjon og oppmoding om omsyn til villrein i oppslag ved turutgangspunkt i Jølster.
- Villreinnemnda har fylgd opp motorferdselsaker. Nemnda ynskjer lokale forskrifter om motorferdsel i kommunane etter Forskrift for motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 3, slik at ein har betre høve til å unngå konflikt med villrein.
- Villreinnemnda har støtta opp om villreinutvala sine initiativ til å få i gong beitegranskingar. Sekretariatet har bidrege med samankalling av utvalsleiarane til eit møte der desse sette ned ei styringsgruppe for beitekartleggingsprosjekt. Gruppa søkte om finansiering i 2016, der dei fekk nokre tilslag men mangla fullfinansiering. Gruppa vil søke på ny i 2017.
- Sjukdommen skrantesjuke vart påvist i Nordfjella villreinområde 2016. Det vart sett i gang prøveinnsamling frå Nordfjella villreinområde samt at det vart teke nokre prøver einskilde, utvalde område. I lys av nedgangen og misstanken om sjukdom i Vest-Jotunheimen var det ynskje i villreinutvalet og i nemnda om å få ut prøvedyr frå dette området. Det var ikkje ynskje om ordinær jakt av di stammen hadde hatt ein nedgang. Nemnda tildelte 10 frie løyver slik at det skulle vere mogleg å felle dyr som utpeikte seg på ein slik måte at prøver var ynskt (svekka eller unormal oppførsel). Løyva vart ikkje nytta, då ingen slike dyr vart observert under jakta.

Økonomi

Budsjettet var på kr. 180 000 samla, eksklusive mva. Nemnda har nytta kr. 225 056,- eksklusive mva, dvs. eit underskot på kr. 45 056,-. Mykje av underskotet skuldast oppstartssamlinga på Dombås. 10 020 kr. var kostandar med opptrykk av brosjyre, som var budsjettert i 2015. Fylkesmannen fekk tildelt ekstramidlar til nemndsdrift for 2017 til å dekke ekstrakostandar for oppstartsmøtet, dette dekker heile underskotet til nemnda. For meir detaljerte tal vert det synt til Økonomioversikt for villreinnemnda for Sogn og Fjordane for 2016.

Nemnda har ein trong økonomi, det er ikkje mogleg innanfor budsjetttrammene å halde meir enn to møter over ein dag pr. år. Større saker som treng oppfylging, møteverksemd eller synfaringar fører raskt til underskot. Dette gjer det vanskeleg for nemnda å arbeide med viktige tema.

Om dei ulike villreinstammene

Det har i 2016 vore jakt i berre to av dei fem villreinområda, det vart jakta forsiktig i Sunnfjord og i Førdefjella. I Sunnfjord vart det berre teke ut 3 dyr. Årsaka til at det ikkje vart jakta meir er nedgang i stammene. Etter eit værmessig vanskeleg år i 2015 med låg produksjon og små kalvar, har truleg vinterdødelegheita vinteren 2015-16 vore stor og gjeve ytterlegare nedgang. Under fylgjer ein kort status for kvart område, slik det vart presentert på haustmøte i villreinnemnda.

Generelt bær rapportane frå villreinområda preg av eit godt år i 2016, der ein har fått ein fin start på gjenoppbygging etter nedgangane frå fjoråret. Rekrutteringa har vore god og beitesommaren normal.

Lærdal-Årdal villreinområde: Ved teljing i mars 2016 vart det berre funne 119 dyr. Flokken på kring 100 dyr som vart sakna allereie under haustjakta 2015 er ikkje funne att. Det er ikkje gjennomført jakt i 2016. Kalveteljing synte 38 kalv, og om hausten vart det tald 130 – 150 dyr i ein flokk. Villreikutvalet vil rullere driftsplanen for å justere jfr. ny situasjon. Dei vil då og vurdere om det er berekraftig med dei 400 vinterdyra som har vore målsettinga til no, jfr. problem med å oppnå forventa tilvekst, og i lys av at ein i 2015 truleg fekk utvandring av dyr.

Førdefjella villreinområde Stamma er anslege til kring 70-75 dyr etter jakt i 2016. Det vart felt 10 dyr. Utvalet reknar at ein tapte 14-15 vaksne dyr vinteren 2014/15. Det vart bevisst ikkje felt simple under jakta i 2016. Dyra har godt tilsyn gjennom året. Dei går mykje samla, sjølv om bukkane går for seg sjølve. Kondisjonen verkar god.

Seint hausten 2016 vart det avliva ein kalv i Naustdal som hadde kome ned frå fjellet og var tydeleg sjuk. Det var misstanke om fotråte, prøve frå hovud vart send Veterinærinstituttet.

Området fekk ny valdogkjenning.

Sunnfjord villreinområde Det vart teke ut berre to eldre simler som var utan kalv, samt ein kalv, under jakt i 2016. Villreikutvalet har no vald ein strategi med å ta vare på bukk. Kalvetalet for 2016 var bra. Ytre: 12 kalv (sjeldan godt). I midte område har flokkstorleiken

vore stabil over fleire år, og kondisjonen på dyra er bra. Indre område er det mest alpine, med størst usikkerheit i høve næringstilgangen. Her var det 7 kalvar i 2016. Det er observert 65 dyr i indre i oktober, dette er meir enn ein rekna med, i september vart det funne 31-32 dyr. Her kan det ha vore tilskot frå dyr utanfrå. Teljingar til våren vert spennande.

Villreinutvalet melder om aukande ferdsel, særleg vinter med toppurar og skikøying i vinterbeiteområder. Kalvinga ser ut til å forskyvast vestover no, det treng ikkje vere negativt.

Dette villreinområdet har så å seie ikkje kjende tilfelle av brems, som er ein svært vanleg parasitt på villrein!

I Svartebotnen villreinområde har hatt eit kvileår frå jakt i 2016 for å få tilbake ynskt tal dyr i vinterstamma. I 2015, truleg om våren, er det mista 15-16 dyr. Det vert rekna som truleg at dyra har reist ut av området, gjerne opp på Jostedalsbreen, slik ein hadde døme på, på 1980-talet. Dyra er i god kondisjon, og ein er nøgd med produksjonen. Trass nedgangen i 2016 fekk ein 15-16 kalv. I oktober månad vart det tald 64 dyr i området, og stamma ligg på bestandsmålet.

Vinteren 2016 vart det avliva ein halt bukk i området. Bukken hadde symptom som peikte mot fotråde. Det vart ikkje send inn prøve til Veterinærinstituttet.

Vest-Jotunheimen villreinområde Teljing i mars våren 2016 frå helikopter synte 222 dyr. Teljinga var vellukka og under gode tilhøve, og det er stort sannsyn at ein har funne tilnærma alle dyra. Frå teljinga vinter 2015 (328 dyr) til teljing i mars 2016 har stammen gått ned med i overkant av 100 dyr.

Kalvetelling 14. juli synte 258 dyr i fostringsflokk. Bileta synte 167 simler/ungdyr, 87 kalv og 4 vaksne bukkar. I året 2015-16 har ein 22 kjente tap (5 i ras, 4 i isgang, 13 kadavre funne daude om våren utan forklaring). Dette er eit høgt tal. Naturleg avgang er alltid større enn det direkte observerte. Dette er noko som er viktig å ta omsyn til i høve stammeforvaltninga.

Det har gått rein frå Lom tamreinlag nær villreinområdegrensa på vinterbeite. Samarbeidet mellom villreinforvaltninga og tamreinlaget er godt. Ein har unngått samanblandingar. Ein simleflokk fekk problem med kryssing av Sognefjellsvegen i april.

Vest-Jotunheimen har røynslemessig stor variasjon i kalvetilvekst at det er vanskeleg å berekne stammeutviklinga utan årlege kalveteljningar. Variasjonen verkar å ha samband med simlenes kondisjon..

Utfordringar for forvaltninga

Årsmeldinga for 2015 nemnde at fleire av områda saknar kunnskap om beitegrunnlaget i villreinområdet, særleg vinterbeita (alle områda har rikelege sommarbeiter). Villreinutvala freista å søke finansiering av kartleggingsprosjekt for beitegranskning i 2016. Dei fekk nokre tilslag, men prosjektet vart ikkje fullfinansiert. Styringsgruppa for beitekartleggingsprosjektet bestemte seg for å freiste med nye søknadar i 2017, med endra prosjektskildring.

Me ser at det er viktig å spreie kunnskap om villrein og om villreinområda i kommunal og regional forvaltning. Villreinnemnda vil arbeide vidare med informasjonsmateriell så sant dei økonomiske ressursane strekk til.

Eit auka fokus på verneområde inkl. ei marknadsføring av fjellområda som flotte rekreasjonsområde er med på å auke ferdsle i villreinområda. Dersom dette ikkje skal få konsekvensar, i form av fortrenging av villrein frå viktige beiteområde både sommar og vinter i større omfang enn i dag, vert det viktig å arbeide for kanalisering og styring av denne auken til mindre sårbare område.

3 av villreinområda våre har små stammer, og tema genetikk er viktig både for desse og for dei to mellomstore stammene som har vore gjennom flaskehalsar i form av nyetablering og kraftig bestandsreduksjon. Me ser fram til resultat frå det pågåande forskingsprosjektet som innhentar genetisk materiale frå små villreinbestandar v. stipendiat Kjersti Kvie under rettleiing frå prof. Knut Røed.

Med dette vil vi få takke alle samarbeidspartnarar, spesielt villreinutvala som gjer en god jobb med bestandsplanlegging, teljingar og gjennomføring av planar.

22.03.2016

Arne J Hauge
- leiar -

Siri Wølneberg Bøthun
- sekretær -